



Hanne-Mari Engen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/427 - 14/1583

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

14.02.2014

Referat frå DKS-møte 20. januar 2014

Desse møtte: Alexander Kjeseth, Anne Elisabeth Waage, Hanne-Mari Engen, Inger Morken Ellingsen og Bente Kopperdal Hervik. Jarnfrid Gunnarson var med siste del av møtet.

1. **Hausten 2013:**

Nytt av året er det at det tradisjonelle opplegget med skuleklasse på Bogatunet er tatt inn som ein del av Den kulturelle skulesekken. Sogelaget fekk 3000 kroner for å stilla på Bogatunet desse dagane. I år var det Hordabø skule som var på Bogatunet, og dei fekk besøk av alle skulane. Kjekt som vanleg!

Alle skulane var på Gryta hennar mor, som var ei utstilling som Radøy mållag, Radøy sogelag og Manger ungdomslag hadde i ungdomshuset Solvang. Utstillinga var ein del av stemmerettsjubileet og handla om kvinner og husmødrene si rolle på 1950- og 1960-talet. Tilbakemeldingane frå elevar og lærarar var svært gode.

9. klasse har hatt skrivekurs med Hildegunn Dale. Me har ikkje fått tilbakemeldingar på dette. Bente må finna ut korleis dette har fungert.

2. **Våren 2014**

Me må finna eit tilbod om kunstprosjekt både til småskulen og storskulen. Hanne Mari sjekkar om det er mogleg å få til eit opplegg om tradisjonelt handverk for Hordabø skule, som dei andre skulane kan "kopiera" om dei ynskjer.

Bente Bratlund skal ha ein forfattarturné for alle 3. og 4. klassingar i løpet av våren.

Hordabø og Manger skule ynskjer ein steinalderdag med Morten Kutchera i Fosenstraumen. Bente undersøker om Sæbø og Austebygd skular er interesserte i det same.

Katarina skal ha demokratiprosjekt for ungdomsskulen. Det er usikkert om 8. klasse skal delta på dette. Om ikkje vil me prøva å få til eit opplegg der dei lærar å laga film. Dei vil då

få i oppdrag å laga film som tematisk kjem inn under 50-årsjubileet til kommunen. Filmopplegget vil vera aktuelt på eit anna tidspunkt om dei ikkje deltek på demokratikonferansen. Alexander undersøker om 8. klasse skal vera med på konferansen.

3. **Fargespel**

Jarnfrid Informerte om fargespel. Dette er aktuelt i desember 2014 og for alle skulane. 15. februar vert et avgjort om ein skal gjera dette eller ikkje. Om det vert aktuelt, må ein få klarlagt alle praktiske detaljar då det ikkje er ukomplisert å frakta med seg alle elevar til Nordhordlandshallen for eit slikt arrangement.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
arkivleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Hanne-Mari Engen

Alexander Kjesæth

Torunn Tolleshaug Hovden

Rolf Sandstad

Inger Morken Ellingsen

Jarnfrid Gunnarson

Anne Elisabeth Waage

Lin Tove Thomassen